

# BACHELOROPPGÅVE

Når blir personar med Downs syndrom  
screena for Alzheimers demens?

When are people with Down syndrome  
screened for Alzheimer's dementia?

Kandidatnummer: 469

Bachelor i vernepleie

Institutt for velferd og deltaking

16.05.2022

Tal ord: 6565

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjelde tilvisingar til alle  
kjelder som er bruk i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

## Abstract

Life expectancy for people with Down syndrome has increased by about 35 years in the last 40 years. Life expectancy is now 60 years. This has led to a considerable increase in age-related challenges. Alzheimer's dementia is a common challenge. Early detection of the disease is crucial to provide good health and care services. Screening for the establishment of a baseline in early adulthood is recommended by several articles in order to be able to detect the dementia disease early. In this thesis I will find out if people with Down syndrome are screened at the time when it is recommended. I also want to see if screening for establishment of a baseline is recommended in the articles I use and what practices are recommended in these. My method is literature study, and I have included nine articles. The most important findings are that the average age for screening in these articles is about 46 years (range: 33-52). All screening is included here - both screening for establishing a baseline and screening for detecting dementia. The average for screening for establishing a baseline, in the articles that mentioned this, is about 38 years (range: 20-52). 7 out of 9 articles recommended mapping of baseline in early adulthood. Both those who recommend this and those who do not, seem satisfied with their own practice. These findings may indicate that there are several recommended practices. This means that people with Down syndrome on average are screened at the recommended age, depending on what is recommended practice. It also indicates that where mapping of the baseline in early adulthood is recommended, this is done on average within the recommendation of 40 years.

# Innholdsliste

Abstract .....	2
1.0 Innleiding .....	5
1.1 Downs syndrom og demens .....	5
1.2 Problemstilling .....	8
1.3 Forforståing .....	9
2.0 Metode .....	9
2.1 Litteraturstudie .....	9
2.2 Søkeord .....	10
2.3 Gjennomføring av søk .....	11
2.4 Inklusjons- og eksklusjonskriterie .....	11
2.5 Gjennomgang og uthenting av data .....	11
2.6 Kritisk vurdering .....	12
3.0 Resultat .....	13
3.1 Presentasjon av artiklar .....	13
4.0 Diskusjon .....	16
Referanseliste .....	21
Tabellar .....	25
Tabell 1 – Presentasjon av artiklane .....	25
Tabell 2 – Oppsummering av funn i artiklane .....	32

Figurar .....	33
Figur 1 – Flow diagram.....	33
Vedlegg.....	34
Vedlegg 1 – Gjennomgang av søker .....	34
Vedlegg 2 – Kritisk vurdering av artiklane .....	37

# 1.0 Innleiing

## 1.1 Downs syndrom og demens

Personar med Downs syndrom lev lenger enn før. Forventa levealder for personar med Downs syndrom har sidan 1983 gått frå 25 år til i dag 60 år (Løge, 2020). Den store oppgangen i levealderen gjer at vi no ser fleire aldersrelaterte utfordringar hjå denne gruppa. Ei aldersutfording som har vist seg som ekstra hyppig for personar med Downs syndrom, i forhold til resten av befolkninga, er Alzheimers demens. 5 % av personar mellom 70-74 år har demens (Jost, 2022), medan over 75 % av personar med Downs syndrom har det etter 65-års alderen (Løge, 2022).

Downs syndrom, også kalla trisomi 21, er eit medfødt kromosomavvik som er assosiert med utviklingshemming, karakteristiske trekk ved utsjånad og ei rekke somatiske utfordringar på grunn av avviket på kromosomet (Løge, 2022). Vi veit i dag om tre ulike former for Downs syndrom. Felles for alle formene er at det er eit avvik på kromosom 21. Dette kromosometet har vist seg å innehalde fleire gen som uavhengig av kvarandre er viktige for utviklinga av hjernen, hjartet, mage- og tarmkanal og immunsystemet (Løge, 2022). I Noreg får cirka 12 av 10 000 levandefødde barn stilt diagnosen (Løge, 2022). I ein studie frå 2018 fann dei at nesten halvparten av personar med Downs syndrom over 65 år hadde ei demensdiagnose (Bayen et al., 2018).

Demens er ei fellesnemning for fleire foreløpig uhelbredelege sjukdommar (Helsebiblioteket, 2019) som forårsakast av ulike sjukdommar eller skadar på hjernen (Jost, 2021). Demens gjer hjelpebehovet gradvis større (Bakken, 2020, s. 239–242). I litteraturen blir omgrepene sjukdom og syndrom brukt litt om einannan når det kjem til demens. Nokon legg stor vekt på at det er eit syndrom og ikkje ein sjukdom, fordi ein ikkje kjenner godt nok til kvifor demensen utviklar seg, og kvifor ikkje alle får demenssymptom sjølv om dei har den same utviklinga i hjernen (Fox et al., 2013). På tross av dette kjem eg til å bruke omgrepet «sjukdom» for å ha ein konsekvent ordbruk i denne oppgåva. Alzheimers demens er ein bestemt sjukdom.

innanfor demens. Her er det ei rekke forstyrringar av hjernecellene sine funksjonar, noko som fører til at hjernecellene gradvis dør (Felleskatalogen, u.å.). Ein grunn til at sjukdommen utviklar seg er truleg ein defekt i amyloidforløparproteinet (APP), noko som medfører avleiring av β-amylloidprotein og nevrofibrillære flokar i hjernen (Jost, 2022; Rebillat et al., 2021). Dei mest typiske symptomata på Alzheimers demens er at dei intellektuelle evnene, som hukommelse, konsentrasjon og evnene til å løyse problem, vert svekka (Felleskatalogen, u.å.). Etter kvart vil også personlegdommen bli endra og kjenslene meir ustabile (Felleskatalogen, u.å.). Fox et al. skreiv i 2013 ein artikkel som tek føre seg ulike fordelar og ulemper med tidleg diagnostisering av demens. Denne artikkelen var kritisk til kor vidt ein skulle innføre tidleg diagnostisering. Det blei lagt vekt på at dette kunne skape større utryggleik enn tryggleik hjå dei som blei screena. Argument for å innføre tidleg screening som kom fram i artikkelen var at tilstanden er vanleg. Argument mot å innføre var manglande kunnskap om sjukdommen, manglande effektiv behandling og manglande testing av skade-/nytteomfang i ein relevant populasjon (Fox et al., 2013).

Alzheimers demens er den demenssjukdommen ein person med Downs syndrom mest sannsynleg vil utvikle (Bakken, 2020, s. 234). Dette kjem truleg av at amyloidforløparproteinet er lokalisert på kromosom 21 (Rebillat et al., 2021). Avleiring av β-amylloidprotein startar allereie i barndommen, og i ein alder av 40 år vil i hovudsak alle menneske med Downs syndrom ha utvikla nevrofibrillære flokar (Rebillat et al., 2021).

Alzheimers demens utviklar seg som regel i 50-årsalderen hjå personar med Downs syndrom, men kan likevel utvikle seg allereie i 40-årsalderen (Løge, 2020). Medan typiske symptom på Alzheimers demens er knytt til kognisjon har personar med Downs syndrom ofte atypiske symptom som heller er knytt til personlegdom, åtferd og endringar i ferdigheiter knytt til dagleglivets aktivitetar (Caoimh et al., 2013). Dette kan gjere det vanskelegare å oppdage sjukdommen, fordi ein ikkje automatisk koplar endringane med demens. Det er lett å anten oversjå eller feiltolke symptomata hjå personen med Downs syndrom og tru endringane skuldast sinnslidningar (Caoimh et al., 2013). Med den informasjonen vi har no, så er det ikkje noko ein kan gjere for å førebygge eller kurere tilstanden. Dette vil dessutan vere eit medisinsk ansvar, og ikkje kome under vernepleiaren sitt domene. Sjølv om vi ikkje kan gjere noko med det, så kan (og skal) vi ta konsekvensen av det. Demens gjer hjelpebehovet til ein

person større, og dette stiller krav til vernepleiaren og resten av hjelpeapparatet.

Personar med Downs syndrom har i Noreg lovfesta rett på nødvendige helse- og omsorgstenester (Helse- og omsorgstjenesteloven, 2011, § 3-1). Tenestene er individuelt tilpassa, så kva konkret dette inneberer er ulikt frå person til person. For vernepleiarar er målet å saman med tenestemottakar og nærmeste pårørande finne riktig balanse mellom det å (1) gjere ting saman med tenestemottakar, (2) motivere, støtte, rettleie og gi opplæring og (3) gjere ting for personen (Helsedirektoratet, 2022a). Når det kjem til helse skal vernepleiaren blant anna fange opp teikn på sjukdom, samt, i samarbeid med legen, legge til rette for årleg helsekontroll (Helsedirektoratet, 2022a). Når ein person med Downs syndrom blir ramma av demens kjem også Nasjonal fagleg retningslinje for demens (Helsedirektoratet, 2022b) inn i biletet.

Sjølv om ein i Noreg har både lovverk og retningslinjer som beskriv kva gode helsetenester er, så kan ein demenssjukdom som enno ikkje er oppdaga gjere det vanskeleg å gi dei gode tenestene. Hovudgrunnen til dette kan vere at vernepleiarar blant anna er opptekne av empowerment og sjølvbestemming. Empowerment kan omsetjast til myndiggjering, og går ut på å setje nokon i stand til å ivareta si myndighet, si sjølvbestemming og sine rettar (Nordlund et al., 2015, s. 96). Sjølvbestemming, eller autonomi, handlar om at ein kan handle ut i frå eigne ynskje, behov og verdiar (Nordlund et al., 2015, s. 102). Desse fokusområda kan føre til ei frykt for å hjelpe for mykje, i redsel for å påføre tenestemottakaren lært hjelpeøyse (Bakken, 2020, s. 242–244). Kombinasjonen av denne frykta og ein udiagnosert Alzheimers demens kan føre til at personar med Downs syndrom ikkje får den hjelpa dei treng og har krav på (Bakken, 2020, s. 242–244). Kunnskap om når hjelpebehovet blir så stort at hjelp og avlastning blir viktigare enn at personen skal utføre ulike oppgåver sjølv trur eg er nøkkelen til at vernepleiarar skal kunne vere tru til både tanken om å hjelpe den enkelte til å vere sjølvstendig, å støtte sjølvbestemming og hjelparolla.

For å kunne avdekke Alzheimers demens hjå personar med Downs syndrom, og dermed gi dei den hjelpa dei har krav, på er det viktig med gode verktøy og anbefalingar. Det er utarbeidd fleire ulike screeningverktøy ein kan bruke for å avdekke demens, men mange av desse er ikkje tilpassa personar med Downs syndrom og andre former for utviklingshemmingar (Caoimh et al., 2013). Det finnes likevel nokre eksempel. «Tidlige tegn» (Nasjonalt senter for aldring og helse, 2013) er eitt av dei. Dette er eit norsk kartleggingsverktøy for oppfølging av vaksne og eldre personar med utviklingshemming. Ved hjelp av verktøyet skal ein kunne oppdage funksjonsfall og sjukdom. Det blir lagt vekt på at ein bør begynne å bruke verktøyet i ein stabil fase av vaksenlivet. Dette er for å kunne opprette ei baseline med normalfunksjonar for personen. Dersom ein kjenner til personens normale funksjonar kan ein lettare sjå endringar i desse. Det er noko usikkerheit knytt til når ein bør begynne med screening for Alzheimers demens hjå personar med Downs syndrom (Caoimh et al., 2013). I «Tidlige tegn» blir det anbefalt å starte i 35-årsalderen. Ein artikkel om screening av Alzheimers demens hjå personar med Downs syndrom beskriv både start innen 35 år med årleg vurdering og start ved 25 år med vurdering kvart femte år (Caoimh et al., 2013, s. 2). Legehandboka anbefaler sjekk for Alzheimers frå 40-årsalderen (Løge, 2022). Ut frå desse kjeldene tolkar eg at anbefalt start for screening av Alzheimers demens hjå personar med Downs syndrom er i alderen mellom 25-40 år.

## 1.2 Problemstilling

Mangel på ei baseline vil, i følgje verktøya sjølv, føre til at ein ikkje har like mykje utbytte av dei. Eg lurer på om personar med Downs syndrom blir screena når dette er anbefalt. Det vil vere vanskeleg å få eit godt bilet av om dette skjer i praksis, så difor vil eg undersøkje når dei blir screena i forskingslitteratur. Dette vil ikkje vere dekkande for kva som blir gjort i klinisk praksis, men det kan likevel gi ein indikator. Problemstillinga mi blir difor: «Kor gamle er personar med Downs syndrom når dei blir screena for Alzheimers demens i følgje forsking?». Eg vil undersøkje kva type screening som blir beskrive – om det er for opprettning av baseline eller for avdekking av demens. I tillegg vil eg undersøke kva som blir sagt om baseline og kva praksis som blir anbefalt.

### 1.3 Forforståing

Grunnen til at eg fekk auga opp for tematikken var eit møte med ein vernepleiar i ein praksisperiode. Vedkommande var primærkontakt for ein person med Downs syndrom som var om lag 50 år gammal. Vernepleiaren uttrykte stor bekymring og frykt for å vere primærkontakten til denne personen på grunn av demensrisikoene. Vernepleiaren var redd for å gå glipp av teikn på demens og dermed gi personen dårleg oppfølging og eit dårleg tenestetilbod. På bakgrunn av dette mistenkjer eg at ikkje alle vernepleiarar har kunnskap om screening for demens hjå personar med Downs syndrom, og at dei kan vere ein pådrivar for å få denne gjennomført. Sjølv screeninga bør gjennomførast av ein lege. Eg ynskjer med denne oppgåva å setje tematikken på dagsorden. I forskinga på feltet vil dei nødvendigvis ha kunnskap om screening, men eg mistenkjer likevel at tenestemottakarane blir screena seinare enn det som er anbefalt, og at dette går ut over tenestetilbodet deira.

## 2.0 Metode

### 2.1 Litteraturstudie

Eg har valt å bruke litteraturstudium for å finne ut kor gamle personar med Downs syndrom er når dei blir screena for Alzheimers demens i følgje forsking. Litteraturstudium er gjennomgang og tolking av litteratur som relaterer seg til eit bestemt spørsmål (Aveyard, 2019, s. 2). Ein startar med å finne ei problemstilling. Deretter gjennomfører ein systematiske søk for å finne litteratur som ein vurderer og analyserer for å svare på spørsmålet (Aveyard, 2019, s. 2). Grunnen til at eg vel litteraturstudium som metode er at det allereie finnes forsking som dokumenterer kor gamle personar med Downs syndrom er når dei blir screena for Alzheimers demens. Ved at eg gjennomgår denne forskinga, i staden for å samle inn data sjølv, sparar eg arbeid på datainnhenting og kan heller bruke tid på å gjennomgå fleire artiklar og få eit breiare datagrunnlag.

Aveyard beskriv i si bok (2019) ulike typar litteratur ein kan bruke for å svare på si problemstilling. Ein kan rangere den relevante litteraturen i eit litteraturhierarki (Aveyard,

2019, s. 65). For å svare på mi problemstilling er det berre relevant med forskingslitteratur, då eg søker å finne kva forsking seier om saka. Eg tenkjer i utgangspunktet at all forsking som seier alderen på dei med Downs syndrom som blir screena for Alzheimers demens er relevant. Likevel ynskjer eg kun å nytte primærstudie. Dette er fordi det kan tenkjast at ulike oppsummeringsstudium tek utgangspunkt i nokre av dei same primærstudia. Dersom eg brukar tal frå oppsummeringsstudie som har dei same primærstudia vil dette gi feilkjelder, fordi resultatet frå ein primærstudie blir teke med fleire gongar. Eg trur også eg vil få eit breitt og representativt utval med data som vil vere enkelt å hente ut informasjon frå ved å halde meg til kun primærstudie. Eg vel å ikkje differensiere noko mellom ulike primærstudie i litteraturhierarkiet, då eg reknar alt som seier noko om alderen på dei som blir screena som like relevant. Eg kjem ikkje til å ekskludere noko forsking på grunn av alder. Eg ynskjer å sjå på utvikling over tid og ynskjer difor å ha alt med.

## 2.2 Søkeord

Søkeorda mine har eg sett til ulike former for «Downs syndrom», ulike former for «Alzheimers demens», ulike former for «screening» og ulike former for «alder». Eg vil søke på både på bokmål og engelsk. Oversikt over alle orda er i tabellen nedanfor. Eg brukte MeSh (*MeSH på norsk - begreper innen medisin og helsefag, u.å.*) som hjelpemiddel for å finne ulike søkeord. Dei norske orda eg enda opp med var «Downs syndrom», «Trisomi 21», «Alzheimers demens», «Alzheimers sykdom», «Diagnostiske massescreeningsprogrammer», «Diagnostiske masseundersøkingsprogrammer», «Diagnostiske masseundersøkelsesprogrammer», «Screening», «Alder», «Gammel» og «År». Dei engelske orda eg enda opp med var «Down Syndrome», «Mongolism»<sup>1</sup>, «Down's Syndrome», «Downs Syndrome», «Trisomy 21», «Alzheimer's Disease», «Alzheimer Type Dementia», «Alzheimer-Type Dementia», «ATD», «Alzheimer Type Senil Dementia», «Alzheimer Syndrome», «Alzheimer Dementia», «Alzheimer Dementias», «Alzheimer Disease», «Screening», «Diagnostic Screening Programs», «Diagnostic Screening Program», «Age» og «Years old».

<sup>1</sup>«Mongolism» var eit vanleg omgrep før, men eg tenkjer ikkje det er eit ord ein skal bruke i

dag. Fordi eg ynskjer å få opp all forsking på feltet, også eldre, har eg det difor med som eit søkeord, sjølv om det ikkje er eit ord eg vanlegvis ville ha brukt.

### 2.3 Gjennomføring av søk

Sidan eg har ei medisinsk problemstilling og er på jakt etter primærstudie vil eg søke i dei medisinske databasane Cinahl og Medline. Søka blei gjennomført 21.03, 22.03 og 30.03 i 2022. Denne søkestrengen blei brukt på norsk: (Downs syndrom OR Trisomi 21 AND Alzheimers demens OR Alzheimers sykdom AND Diagnostiske massescreeningsprogrammer OR Diagnostiske masseundersøkingsprogrammer OR Diagnostiske masseundersøkelsesprogrammer OR Screening AND Alder OR Gammel OR År). Denne søkestrengen blei brukt på engelsk: (Down Syndrome OR Mongolism OR Down's Syndrome OR Downs Syndrome OR Trisomy 21 AND Alzheimer's Disease OR Alzheimer Type Dementia OR Alzheimer-Type Dementia OR ATD OR Alzheimer Type Senil Dementia OR Alzheimer Syndrome OR Alzheimer Dementia OR Alzheimer Dementias OR Alzheimer Disease AND Screening OR Diagnostic Screening Programs OR Diagnostic Screening Program AND Age OR Years old). Eg hadde ingen avgrensingar knytt til årstal i søket, men eg avgrensa til norske og engelske treff og fagfellevurderte artiklar. Sjå vedlegg 1 for full gjennomgang av søket.

### 2.4 Inklusjons- og eksklusjonskriterie

PRISMA-guidelines (Page et al., 2021) påpeikar at det er viktig med kriterium for utvelging av studie. I gjennomgangen av treffa mine hadde eg desse inklusjonskriteria: (1) norsk eller engelsk språk, (2) har gjennomgått fagfellevurdering, (3) er eit primærstudie, (4) inkluderer deltakarar med diagnosen Downs syndrom og (5) seier noko om når personar med Downs syndrom blir screena. Eksklusjonskriteria mine var: (1) artiklar som ikkje er opne, eller eg ikkje har tilgang på gjennom å vere student ved HVL (2) artiklar som forska på dyr.

### 2.5 Gjennomgang og uthenting av data

Først fjerna eg duplikata i søka. Deretter las eg gjennom titlar og samandrag og fjerna alle

artiklane som ikkje dreidde seg om screening for demens hjå personar med Downs syndrom. Deretter las eg heile artiklane og fjerna dei som ikkje svara på problemstillinga.

Frå studia eg sat igjen med henta eg først ut denne informasjonen: tittel, forfattarar og utgivelsesår, opphavsland, metode, problemstilling/mål med studien og alderen på deltakarane som blei screena. Denne informasjonen sette eg inn i ein tabell (Tabell 1). I tabellen blei artiklane sortert etter årstal. Det eg tenkte trong meir forklaring merka eg med stjerne og forklarte det under tabellen. Deretter gjekk eg gjennom artiklane på nytt og sökte svar på desse spørsmåla: (1) Beskriv screeninga i artikkelen screening for oppretting av baseline, eller screening for avdekking av demens? (2) Kva seier artikkelen om baseline? og (3) Kva praksis blir anbefalt?. På bakgrunn av den informasjonen skreiv eg eit avsnitt til kvar artikkel. Deretter oppsummerte eg det heile (Tabell 2). Der skreiv eg: årstal og land for identifisering av artikkel, gjennomsnittsalderen, om gjennomsnittsalderen beskrev alder ved screening for oppretting av baseline, alderen for oppretting av baseline, om artikkelen anbefaler baseline, kva som er anbefalt alder for oppretting av baseline. Dersom artikkelen ikkje hadde med gjennomsnittsalderen rekna eg denne ut sjølv på bakgrunn av informasjon eg fann i artikkelen.

## 2.6 Kritisk vurdering

Sjølv om alle mine artiklar er fagfellevurderte er det viktig å gjere kritiske vurderingar. Eg bør sjå på kvar enkelt artikkel og vurdere artikkelen si gyldigheit, metodiske kvalitet, resultat og overføringsevne (Helsebiblioteket, u.å.). Aveyard (2019, s. 108) skriv i si bok seks kritiske spørsmål, og hennar utdjuping av kva ein skal legge i kvart enkelt spørsmål, til hjelp i den kritiske vurderinga av ein artikkel. Eg har omsett desse til norsk og vil bruke dei til å vurdere artiklane mine. Spørsmåla er: (1) Kvar fann eg informasjonen?, (2) Korleis kom forfattarane til konklusjonen?, (3) Når blei det skrive?, (4) Kva type studie er det, og kva er hovudresultata?, (5) Kven har skrive dette? og (6) Kvifor har dette blitt skrive? Den kritiske vurderinga mi ligg ved som vedlegg (vedlegg 2).

## 3.0 Resultat

### 3.1 Presentasjon av artiklar

Mitt søk og den påfølgande gjennomgangen av desse resulterte i ni inkluderte studie. Sjå Flow-diagrammet (Figur 1) for fleire detaljar. Tabell 1 gir ei oversikt over dei ulike studia.

< Sett inn Figur 1 >

< Sett inn tabell 1 >

McBrien et al. (2005) skriv i den britiske artikkelen om screening for oppretting av baseline. Når det er snakk om baseline viser dei til «god praksis»-rettleiaren frå «Foundation for People with Learning Disabilities». Den anbefaler at alle tenester for personar med utviklingshemming lagar baselinjer for personar med Downs syndrom før dei fyller 30 år. Baselinja skal innehalde både kognitive og adaptive funksjonar. Dette er den praksisen forfattarane ynskjer frå no av. Grunnen til at gjennomsnittsalderen er på 41 år i artikkelen, er fordi artikkelen beskriv innføringa av praksisen. Det var altså mange som hadde passert 30 år som måtte få laga ei baselinje.

I den nederlandske artikkelen til Coppus et al. (2006) blei forsøkspersonane følgt over fleire år. Det blei det gjennomført screening for oppretting av baseline i starten av prosjektet (Coppus et al., 2006, s. 770). Her blei det gjennomført eit intervju med primærpleiaren og allmennlegen for å avdekke om personen allereie hadde utvikla demens. Artikkelen viser ikkje til noko spesifikk kjelde når det er snakk om baseline, men seier at diagnosen er basert på ICD-10 og retningslinjer utarbeidd i regi av «the Ageing Special Interest Group of the International Association for the Scientific Study of Intellectual Disabilities» (Coppus et al., 2006, s. 771). Det er grunn til å tru at baseline er ein del av desse retningslinjene, men vi får

ikkje vite kva som eventuelt blir sagt gjennom denne studien.

Jervis & Prinsloo (2008) skriv i den britiske artikkelen om screening for oppretting av baseline. Når det er snakk om baseline viser dei til «The American Association of Mental Retardation (AAMR) og «the International Association for the Scientific Study of Intellectual Disability» (Jervis & Prinsloo, 2008, s. 14). Desse anbefaler at ein kartlegg hukommelse, andre kognitive funksjonar og adaptive/mistilpassa åtferd hjå personar med utviklingshemming minst ein gong i løpet av tidleg vaksen alder. I likskap med den britiske artikkelen frå 2005 beskriv denne artikkelen også innføringa av eit screeningprogram. Gjennomsnittsalderen i artikkelen er på 46,2 år, men frå no av vil alle få tilbod om screening i 25-30 års alderen (Jervis & Prinsloo, 2008, s. 15).

Starkey et al. (2014) beskriv i den britiske artikkelen deira prosedyre for oppretting av baseline i Plymouth. Det er oppretting av baseline ved fylte 20 år. Det blir vist til «British Psychological Society and Royal College of Psychiatry» sine retningslinjer frå 2009 for å forklare denne praksisen.

I den britiske artikkelen til Bevins & Hulse (2016) er det ikkje snakk om screening for oppretting av baseline, men screening for å avdekke demens. Viktigheita av baseline blir likevel understaka. Artikkelen er frå same område som artikkelen frå 2014 (Plymouth) og viser til same praksis og same kjelde (Bevins & Hulse, 2016, s. 88). Dei grunngjев det i tillegg her med at dei då med større sannsyn har kontaktinformasjonen til vedkommande etter fullført skulegang (Bevins & Hulse, 2016, s. 89).

Vaughan et al. (2016) tek også føre seg screening for oppretting av baseline i deira irske artikkel. Det blir vist til retningslinjer som «the British Psychological Society Faculty og Intellectual Disability» publiserte i 2009 (Vaughan et al., 2016, s. 152). Der blir det anbefalt

opprettning av baseline for alle personar med Downs syndrom når dei fyller 30 år. Her viser artikkelen at det er sprik mellom teori og praksis. Dei praktiserer screening for første baseline ved ein gjennomsnittsalder på 48 år, medan teorien dei ynskjer å jobbe etter anbefaler å gjere dette når personen er 30 år.

I den amerikanske artikkelen til Lessov-Schlaggar et al. (2019) er det ikkje snakk om screening for opprettning av baseline, men screening for å oppdage demens. Her var det ikkje snakk om å kartlegge ei baselinje systematisk, men å bruke ein omsorgsperson for å finne ut om det har skjedd endringar hjå vedkommande (Lessov-Schlaggar et al., 2019, s. 1). Artikkelen konkluderer med at screeningverktøyet dei brukte gir utfyllande informasjon som er relevant for konstantering av demens hjå personar med Downs syndrom (Lessov-Schlaggar et al., 2019, s. 1).

I den franske artikkelen til Rebillat et al. (2021) er det ikkje snakk om screening for opprettning av baseline, men screening for å oppdage demens. Det blei ikkje nemnd noko om det å opprette baseline. Her var det familiemedlemmer og omsorgspersonar som dokumenterte personen sine tidlegare funksjonar (Rebillat et al., 2021, s. 3). Dei personane som ikkje hadde familie eller ein omsorgsperson som kunne vitne om tidlegare ferdigheter og eigenskapar blei ekskludert frå forsøket. Artikkelen konkluderer med at screeningverktøyet dei brukte er eit godt verktøy.

I den italienske artikkelen til De Vreese et al. (2021) er det ikkje snakk om screening for opprettning av baseline, men screening for å oppdage demens. Dei understrekar likevel kor viktig det er, og kjem med ei anbefaling om, å opprette ei baseline. Her viser dei til «the USA National Task Group on Intellectual Disabilities and Dementia Practice» sine anbefalingar frå 2013. Dei anbefaler opprettning av baseline for personar med Downs syndrom når dei fyller 40 år.

< Sett inn tabell 2 >

Gjennomsnittleg alder for når personane har blitt screena i artiklane er tilnærma lik 46 år. Av desse er det fire av ni artiklar som beskriv screening med tanke på oppretting av baseline. Dersom ein kun ser på dei artiklane som beskriv når personar blir screena for oppretting av baseline er gjennomsnittsalderen på 38 år. To av ni artiklar beskriv ikkje og anbefaler ikkje kartlegging av baseline i tidleg vaksen alder.

## 4.0 Diskusjon

Hensikta med denne studien var å finne ut kor gamle personar med Downs syndrom er når dei blir screena for Alzheimers demens, og om dette er baseline-screening eller noko anna. Eg ville også sjå på kva som blir sagt om baseline, og kva praksis som blir anbefalt.

Eg har gjort tre hovudfunn i dei ni artiklane eg har brukt som datamateriell. Det første hovudfunnet er at gjennomsnittsalderen i dei ni artiklane er tilnærma lik 46 år med eit spenn på 33 til 52 år. Eg kan ikkje sjå at denne alderen har gått noko særleg opp eller ned i løpet av tidsperioden eg har artiklar frå. Det kan derimot sjå ut som alderen har vore nokså stabil gjennom tidsperioden. Det andre hovudfunnet er at gjennomsnittsalderen for screening av baseline i artiklane som omtalar dette er tilnærma lik 38 år med eit spenn på 20 til 52 år. Det tredje hovudfunnet er at sju av ni artiklar anbefaler baseline med ein praksis på screening anten før fylte 30 år, mellom 25 og 30 år, ved fylte 30 år eller ved fylte 40 år. Av desse sju artiklane er dei frå fire ulike områder (tre av dei er frå Plymouth i Storbritannia). Det vil seie at dei fire ulike områda kjem med fire ulike anbefalingar. Den nyaste artikkelen anbefaler den høgste alderen. To av ni, og då to av dei tre aller nyaste artiklane, nemner ikkje systematisk kartlegging av baseline, men brukar omsorgspersonar for å finne ut om endring har skjedd. Både dei som kartlegg baseline i tidleg vaksen alder og dei som ikkje gjer det verkar nøgd med eigen praksis.

Desse funna har ein verdi for personar med Downs syndrom og deira nære. I snitt ser ein at tenester som nyttar baseline opprettar denne innanfor den nyaste anbefalinga som er på 40 år. To av studia er med på å dra opp dette gjennomsnittet fordi dei beskriv oppstarten av baseline-screening. Her måtte dei kartlegge baselinene på personar som var passert anbefalingsalderen, fordi dei ikkje hadde baseline frå før. Hadde ein teke utgangspunkt i alderen som blei gjennomført screening ved etter ferdig oppstart, hadde gjennomsnittet vore enda lågare. Det betyr at personar med Downs syndrom, i følgje artiklane, gjennomsnittleg blir screena innanfor anbefalt alder. Dette gjer at både dei og deira nære kan ha tiltru til at tenestene er gode og følgjer anbefalt praksis der baseline er anbefalt. Når det gjeld stadar der baseline ikkje er anbefalt, verkar det som sagt til at forfattarane er godt nøgde med verktøya dei har, så også her kan personar med Downs syndrom og deira nære ha tiltru til tenestene.

I forhold til tidlegare funn eg har gjort, det som er beskrive i introduksjonen, ser ein at ein del samsvarar. Der fann eg at anbefalt alder for baseline er ein stad mellom 25 og 40 år. Dette er den same anbefalinga som kom fram i artiklane. Den nyaste kjelda eg beskrev i introen anbefalte 40 år (2022), det same som den nyaste artikkelen (2021). Det som var ulikt var at ikkje alle anbefalte systematisk kartlegging av baseline i tidleg vaksen alder for personar med Downs syndrom. Storparten anbefaler det, men ikkje alle. På førehand fann eg ein artikkel som var kritisk til å innføre tidleg diagnostisering i den totale befolkninga, men når det var snakk om personar med Downs syndrom var systematisk innhenting av baseline i tidleg vaksen alder den einaste anbefalte praksisen eg fann.

Funna eg har gjort peiker mot ein sprikande praksis. På den eine sida har ein dei som satsar på systematisk kartlegging av baseline i tidleg vaksen alder, men som ikkje er heilt einige om når ein skal gjere dette. På den andre sida har ein dei som det verkar som om screenar ved behov. Dei sistnemnde kartlegg ikkje baseline på ein systematisk måte, men nyttar seg av omsorgspersonar for å finne ut av om personen med Downs syndrom har hatt reduksjon i ferdigheiter eller endra åtferd. Med unntak av éin artikkel som dokumenterte sprik mellom faktisk praksis og ynskja praksis verka alle nøgd med sin praksis. Dette kan peike mot at det

er fleire tilfredsstilande praksisar. Det kan også virke som praksisen som blir utøvd dreier i ei retning som krev mindre ressursar. I artiklane frå 2005 og fram til 2016 er anbefalinga kartlegging av baseline i tidleg vaksen alder, mellom 25 og 30 år. I artiklane frå 2019 og 2021 blir det i to av tre artiklar ikkje anbefalt systematisk kartlegging av baseline og i den siste artikkelen blir det anbefalt ved fylte 40 år. Dei første artiklane er 6 til 17 år gamle. Som artiklane eg har funne viser, har det skjedd utvikling på feltet – fleire nye screeningverktøy er kome til. Med desse nye verktøya er det mykje mogleg at ein i dag har større føresetnad for å arbeide på ein måte som krev mindre ressursar – ein meir lønsam måte. På same tid skal ein vere klar over at artiklane eg har funne er frå ulike geografiske områder. Alle er frå vestlege land, men på tross av dette, vil det vere kulturelle forskjellar. Eitt eksempel er at mange personar med Downs syndrom i Italia bur saman med foreldra sine også i vaksen alder. Til forskjell frå dette bur dei fleste vaksne med Downs syndrom i Noreg i eigen bustad. På grunn av kulturelle forskjellar er det ikkje sikkert verktøya har lik effekt alle stadar. Italia var eitt av dei landa som ikkje anbefalte systematisk innhenting av baseline i tidleg vaksen alder. Det kan vere at ein grunn til at dei ikke kjenner på eit behov for dette er at mange bur heime og dermed tett på nokon som kan oppdage og dokumentere endring i åtferd eller ferdigheter. Som nemnt innleiingsvis er det eit ideal i Noreg at personar med Downs syndrom får eigen stad å bu, på lik linje med andre nordmenn. Dette kan potensielt gjere det vanskelegare for deira nærperssonar, familie eller omsorgspersonar, å oppdage endringar i åtferd og funksjonar og dokumentere dette i ei eventuell screening.

Funna eg har gjort gir nokre praktiske implikasjonar for vernepleiarar. Det at det kan stillast spørsmål ved kor vidt det vil fungere å ikkje kartlegge baseline systematisk i tidleg vaksen alder i Noreg, peikar mot at det bør forskast meir på dette før ein forandrar praksisen i den retninga. Forskinga peikar, slik eg ser det, på å halde seg til retningslinja vi har i dag på systematisk kartlegging i ein alder av 40 år. For å sikre at dette blir gjennomført bør ein ha ei tydeleg ansvarsfordeling og ei tydeleg beskriving for kva som skal gjerast. Det bør lagast ei prosedyrebeskriving for vernepleiaren i forbindelse med screening. Tenestemottakarar med Downs syndrom bør få bistand til å vurdere om dei vil ha screeningen som eit punkt i sin individuelle plan. Vernepleiaren bør også gjøre legen merksam på at screeningen skal gjennomførast, då dette er legen sitt mandat. Vernepleiarar bør også lærast opp i teikn og

symptom på demens hjå personar med Downs syndrom, slik at dei kan vere ein ressurs inn i arbeidet.

Min studie har nokre svakheiter. I innhenting av artiklar hadde eg eit krav om at artiklane skulle vere fagfellevurdert. Dette kan ha ført til at eg har ekskludert fleire gode artiklar og eventuelle rapportar. Eg har også berre søkt på engelsk og norsk. Dette kan ha ført til at eg har ekskludert gode artiklar på andre språk. Artiklane mine er også frå ulike land. Dette gjer at ein ikkje automatisk kan endre praksisen her i Noreg basert på funna, fordi det vil kunne vere kulturelle forskjellar som gjer at ein då ikkje vil få same resultat. Eg har også berre henta artiklar frå to ulike databasar. Sannsynlegvis hadde eg funne andre gode artiklar dersom eg hadde søkt i andre databasar. Dette kunne ha påverka funna. Det er også vanskeleg å få eit godt bilet på korleis situasjonen er i dag, fordi eg har funne lite ny forsking. Alle artiklane mine er også på engelsk. Dette kan vere ein svakheit. Eg har brukt eigen språkkunnskap og omsettingstenester for å tolke innhaldet. Dette kan ha ført til at eg har mistolka ord og uttrykk.

Basert på funna eg har gjort er det fleire ting ein burde forske vidare på. For det første hadde det vore interessant å vite korleis praksisen er i Noreg. For det andre bør ein gjere ei kost versus nytte-vurdering for å sjå om det har fleire fordelar enn ulemper, og om fordelane er såpass gode at dei veg opp for eventuelle ulemper. For det tredje bør ein finne ut av kva praksis personar med Downs syndrom sjølv ynskjer. For det fjerde bør ein sjå på om screeningverktøya som blir brukt der dei ikkje anbefaler kartlegging av baseline i tidleg vaksen alder kan brukast på same måte i Noreg, eventuelt bli tilpassa slik at dei kan det. For det femte bør ein finne ut kor stor del av personar med Downs syndrom over 40 år i Noreg som har personar som kan oppdage og dokumentere reduserte ferdigheiter.

Basert på tidlegare funn og funna gjort i denne artikkelen kan det tyde på at ein ut frå forsking kan anbefale at ein enn så lenge screenar personar med Downs syndrom for

oppretting av baseline ved fylte 40 år. Det kan vere grunnar til å ikkje halde på denne praksisen, men før ein har forska meir på det er det vanskeleg å seie noko sikkert om dette. Men det er viktig at slike endringar ikkje går upåakta hen, slik at vi kan gi tenester som først og fremst er gode for dei som mottek dei, men også for dei som skal yte dei og for samfunnet elles.

## Referanseliste

Aveyard, H. (2019). *Doing a literature review in health and social care: A practical guide* (4th ed.). Open University Press.

Bakken, T. L. (Red.). (2020). *Psykisk lidelse hos voksne personer med utviklingshemming: Forståelse og behandling* (2. utgave.). Universitetsforlaget.

Bayen, E., Possin, K. L., Chen, Y., Cleret de Langavant, L., & Yaffe, K. (2018). Prevalence of Aging, Dementia, and Multimorbidity in Older Adults With Down Syndrome. *JAMA Neurology*, 75(11), 1399–1406. <https://doi.org/10.1001/jamaneurol.2018.2210>

Bevins, S., & Hurne, E. (2016). The assessment of executive functioning in people with intellectual disabilities: An exploratory analysis. *British Journal of Learning Disabilities*, 44(2), 87–94. <https://doi.org/10.1111/bld.12112>

Caoimh, R. O., Clune, Y., & Molloy, W. (2013). Screening for Alzheimer's Disease in Downs Syndrome. *Journal of Alzheimer's Disease & Parkinsonism*, 03(03). <https://doi.org/10.4172/2161-0460.S7-001>

Coppus, A., Evenhuis, H., Verberne, G.-J., Visser, F., Van Gool, P., Eikelenboom, P., & Van Duijn, C. (2006). Dementia and mortality in persons with Down's syndrome. *Journal of Intellectual Disability Research*, 50(10), 768–777. <https://doi.org/10.1111/j.1365-2788.2006.00842.x>

De Vreese, L. P., Gomiero, T., De Bastiani, E., Marangoni, A., Weger, E., & Mantesso, U. (2021). Short forms of Prudhoe Cognitive Function Test in adults and aging people with intellectual disabilities: Italian validation study. *Journal of Intellectual Disability Research*, 65(2), 162–172. <https://doi.org/10.1111/jir.12799>

Felleskatalogen. (u.å.). *Alzheimers sykdom*. Felleskatalogen. Henta 8. mai 2022, frå <https://www.felleskatalogen.no/medisin/sykdom/alzheimers-sykdom>

Fox, C., Lafourture, L., Boustani, M., & Brayne, C. (2013). The pros and cons of early diagnosis in dementia. *British Journal of General Practice*, 63(612), e510–e512.

<https://doi.org/10.3399/bjgp13X669374>

Helse- og omsorgstjenesteloven. (2011). *Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m.* (LOV-2011-06-24-30). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-30?q=helse%20og%20omsorgstjenesteloven>

Helsebiblioteket. (u.å.). *Kritisk vurdering*. Helsebiblioteket. Henta 12. mai 2022, frå <https://www.helsebiblioteket.no/kunnskapsbasert-praksis/kritisk-vurdering>

Helsebiblioteket. (2019, september 10). *Demens—Hva er demens?* Helsebiblioteket. <https://www.helsebiblioteket.no/pasientinformasjon/neurologi/alzheimers-sykdom-og-andre-typer-demens>

Helsedirektoratet. (2022a, mars 8). *Gode helse- og omsorgstjenester til personer med utviklingshemming*. Helsedirektoratet. <https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/gode-helse-og-omsorgstjenester-til-personer-med-utviklingshemming>

Helsedirektoratet. (2022b, mai 11). *Demens*. Helsedirektoratet. <https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/demens>

Jervis, N., & Prinsloo, L. (2008). How we developed a multidisciplinary screening project for people with Down's syndrome given the increased prevalence of early onset dementia. *British Journal of Learning Disabilities*, 36(1), 13–21. <https://doi.org/10.1111/j.1468-3156.2007.00474.x>

Jost, P. D. (2021, mars 1). *Demenssyndromet*. NEL – Norsk Elektronisk Legehåndbok. <https://legehandboka.no/handboken/kliniske-kapitler/geriatri/tilstander-og-sykdommer/demenssykdommer/demenssyndromet>

Jost, P. D. (2022, april 25). *Demens ved Alzheimers sykdom*. NEL – Norsk Elektronisk Legehåndbok. <http://legehandboka.no/handboken/kliniske-kapitler/geriatri/tilstander-og-sykdommer/demenssykdommer/alzheimers-sykdom>

Lessov-Schlaggar, C. N., del Rosario, O. L., Morris, J. C., Ances, B. M., Schlaggar, B. L., & Constantino, J. N. (2019). Adaptation of the Clinical Dementia Rating Scale for adults

with Down syndrome. *Journal of Neurodevelopmental Disorders*, 11(1), 39.

<https://doi.org/10.1186/s11689-019-9300-2>

Løge, I. (2020, oktober 28). *Downs syndrom*. NEL – Norsk Elektronisk Legehåndbok.

<https://legehandboka-no.galanga.hvl.no/handboken/kliniske-kapitler/pediatri/tilstander-og-sykdommer/medfodte-tilstander/downssyndrom>

Løge, I. (2022, februar 3). *Downs syndrom*. NEL – Norsk Elektronisk Legehåndbok.

<https://legehandboka.no/handboken/kliniske-kapitler/pediatri/tilstander-og-sykdommer/medfodte-tilstander/downssyndrom>

McBrien, J., Whitwham, S., Olverman, K., & Masters, S. (2005). Screening Adults with Down's Syndrome for Early Signs of Alzheimer's Disease. *Tizard Learning Disability Review*, 10(4), 23–32. <https://doi.org/10.1108/13595474200500035>

MeSH på norsk—Begreper innen medisin og helsefag. (u.å.). Henta 14. mars 2022, frå <http://mesh.uia.no/>

Nasjonalt senter for aldring og helse. (2013, januar 20). *Tidlige tegn*. Aldring og helse. <https://www.aldringoghelse.no/tidlige-tegn/>

Nordlund, I., Thronsen, A., & Linde, S. (2015). *Innføring i vernepleie: Kunnskapsbasert praksis, grunnleggende arbeidsmodell*. Universitetsforlaget. [https://www.nb.no/search?q=oaiid%3D'oai%3Abibsys.no%3A991320568874702202"&media\\_type=bøker](https://www.nb.no/search?q=oaiid%3D'oai%3Abibsys.no%3A991320568874702202)

Page, M. J., McKenzie, J. E., Bossuyt, P. M., Boutron, I., Hoffmann, T. C., Mulrow, C. D., Shamseer, L., Tetzlaff, J. M., Akl, E. A., Brennan, S. E., Chou, R., Glanville, J., Grimshaw, J. M., Hróbjartsson, A., Lalu, M. M., Li, T., Loder, E. W., Mayo-Wilson, E., McDonald, S., ... Moher, D. (2021). The PRISMA 2020 statement: An updated guideline for reporting systematic reviews. *BMJ (Online)*, 372, n71–n71. <https://doi.org/10.1136/bmj.n71>

Rebillat, A.-S., Hiance-Delahaye, A., Falquero, S., Radice, G., & Sacco, S. (2021). The French translation of the dementia screening questionnaire for individuals with intellectual

disabilities is a sensitive tool for screening for dementia in people with Down Syndrome. *Research in Developmental Disabilities*, 118, 104068–104068.  
<https://doi.org/10.1016/j.ridd.2021.104068>

Starkey, H., Bevins, S., & Bonell, S. (2014). The role of prospective screening in the diagnosis of dementia in people with Down's syndrome. *Advances in Mental Health and Intellectual Disabilities*, 8(5), 283–291. <https://doi.org/10.1108/AMHID-12-2013-0067>

